



IL Trio - Medlemsskap og innmelding

Så enkelt er det å melda seg inn i IL Trio: Gå inn på: <https://minidrett.nif.no>

Opprett brukarnamn og passord. Er du alt registrert, søker du opp IL Trio og ber om medlemskap/evt. stadfester at du er medlem. Eller, registrer deg med fullt navn, fødselsdato, adresse, mobilnummer, e-postadresse og kva idrett/gruppe du skal vera med i. På denne måten administrerer du medlemskapen sjølv.

Merk: Som føresett administrerer du også for dei du har ansvar for.

Rettleiing finn du på minidrett.no - https://itinfo.nif.no/Min_idrett_brukerveiledning

Medlemsoversikt

Det er viktig for IL Trio at du registrerer deg i <https://minidrett.nif.no>.

Registreringane utgjer idrettslaget si medlemsoversikt.

Alternativ innmelding

Fyll inn medlemsopplysningar i [dette skjemaet](#) og trykk send. Medlemsansvarleg i IL Trio vil då registrere deg.

Medlemskontingent og treningsavgift (satsar sjå under)

Betalingskrav kjem som ein elektronisk faktura gjennom minidrett.no. Det kjem melding om dette via e-post.

Dersom du ikkje ønskjer slik elektronisk faktura, ta kontakt med idrettslaget hann-h4@online.no så får du alternativt faktura med KID-nummer.

Unngå purringar

Det er ein stor jobb å halda medlemsregisteret oppdatert, og feil kan skje. Skulle du få feil krav, ver vennleg og meld tilbake snarast.

Utmelding

Medlemene (eller dei føresette) må gje melding via brev eller e-post dersom dei ikkje vil stå som medlem lenger.

Formelt er du medlem til idrettslaget har motteke utmelding.

Du er alltid velkommen i IL Trio.

Lurer du på noko om medlemskap, send ein e-post (hann-h4@online.no) eller ring 97045105.

Medlemskontingent og treningsavgift

Satsar for 2016:

Medlemskontingent

- Born t.o.m. det året dei fyller 16 år: kr. 200,-
- Aktive vaksne f.o.m. det året dei fyller 17 år: kr 400,- .
- Støttemedlemer: kr. 200,-

Å vera støttemedlem er ein fin måte å støtta positivt arbeid blant born og unge. Mange besteforeldre støttar fritidstilbodet til barneborna på denne måten.

Det er årsmøtet som fastset IL Trio sin medlemskontingent.

Treningsavgift

Medlemskategori	Alder	Treningsavgift					
		Fotball	Turn	Volleyball	Symjing	Triathlon	Friidrett
Born	6-12	500,-	250,-	100,-	550,-	Treningsavgift til symje-gruppa (samme beløp)	Vert vurdert ut frå tilbod/aktivitet
Søsken		250,-	100,-		250,-		
Ungdom	13-16	650,-	250,-	100,-	550,-		
Søsken		325,-	100,-		250,-		
Junior	17 -19	800,-	250,-	200,-	550,-		
Senior	20 år ->	1300,-	250,-	200,-	550,-		

Merk: Medlemskontingenten går til hovudlaget medan treningsavgifta går til undergruppa.

Lisens:

I tillegg til kontingent og treningsavgift, er det aktuelt å betala for ein deltakarlisens. Lisensen går til respektivt særforbund og gjeld for utøvarar som konkurrerer aktivt (lag eller individuelt). Du vert orientert om mogleg lisensbeløp i den gruppa du er med i.